



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kantina, Kommunehuset
Dato:	11.03.2013
Tid:	12:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 13/9	Referatsaker	
PS 13/10	17. mai hovudkomiteen 2013	2013/113
PS 13/11	Sal av Leilegheit i Lyngja borettslag	2013/107
PS 13/12	Suppleringsval for Zakia Mustafa som har flytta frå kommunen	2012/474
PS 13/13	Stortingsval og sametingsval 2013 - Oppnemning av valstyre og val av leiar og nestleiar	2012/455
PS 13/14	Godkjenning av selskapsavtale for IKA Møre og Romsdal IKS	2013/79
OS 13/1	Biblioteklokale - orientering	2013/108
OS 13/2	Sentrumsutvikling - idekonkurransen om utvikling av sentrum - orientering	2012/328
Lukka møte	Kommunelova § 31 nr. 3	
PS 13/15	Søknad om startlån – B.sak	

Midsund, 04.03.2013

Einar Øien
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 13/9 Referatsaker



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2013/113-1
Arkiv: 033
Saksbeh: Ann Torill Vaksvik
Dato: 28.02.2013

Saksframlegg

17. mai hovudkomiteen 2013

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/10	Formannskapet	11.03.2013

Forslag til vedtak:

Som medlemar til hovudkomiteen for 17. mai 2013 blir desse utpeika:

Midsund: Geir Hansen
Raknes: Stig Nekstad
Rakvåg: Linda Edvardsen
Akselvoll/Ugelvik: Evy Mette Risvik
Sør-Heggdal: Mona Aagaard-Nilsen
Nord-Heggdal: Magne Reiten
Ræstad: Jonny Melsæter
Nordre Midøy: Solveig Håbet
Søre-Midøy: Solbjørg Godø

Varamedlemar:

1. Ivar Bjørnerem
2. Kari Stølen Bjørnerem
3. Wenche Helene Rakvåg
4. Per Eivind Blø
5. Gro Malen Brønnestad

Evy Mette Risvik kallar saman komiteen.

Saksutgreiing:

Kulturstyret vedtok i 1988 at 17. mai hovudkomiteen skal oppnemnst av formannskapet. Komiteen skal vere oppnemnt frå kvar av dei gamle skulekrinsane, i alt 9 medlemar. Det skal og oppnemnst 5 varamedlemar i rekkjefølgje.

Vurdering:**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Det er avsett pengar i budsjettet til arrangementet.

Ketil Ugelvik
rådmann

Ann Torill Vaksvik
sekretær

Vedlegg (prenta):**Vedlegg (uprenta):**

Særutskrift går til: Medlemar og varamedlemar



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2013/107-1
Arkiv: 48/112
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 27.02.2013

Saksframlegg

Sal av leilegheit Lyngja 3 i Lyngja Borettslag , 48 / 112

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/11	Formannskapet	11.03.2013

Forslag til vedtak:

Formannskapet vedtek å leggje Lyngja 3 i Lyngja Borettslag , 48 / 112 ut for sal på det opne marknaden.

Saksutgreiing:

Utdrag frå samlerapport for matrikkelenhet:

Bygningsnr:	20 663 111	Bebygd areal:	0	Ant. boliger:	1	Datoer:		
Løpenr:		Bruksareal bolig:	77	Ant. etasjer:	2	Rammetilleggelse:	29.10.1986	
Bygningsendringskode:		BRA annet:	0	Vannforsyning:	Tilkn. off. vannverk	Igangsettingstillatelse:	20.11.1986	
Bygningstype:	Rekkehus	Bruksareal totalt:	77	Avløp:	Offentlig kloakk	Tatt i bruk:	17.02.1988	
Næringsgruppe:	Bolig	Alternativt areal:	0	Har heis:	Nei	Midl. brukstillatelse:		
Bygningsstatus:	Tatt i bruk	Alternativt areal 2:	0	Oppvarming:	Elektrisk	Ferdigattest:		
Energikilder:	Elektrisitet							
Etasje								
Etasje	Antall boenheter	BRA bolig	BRA annet	BRA totalt				
H01	1	40.0	0.0	40.0				
U01	0	37.0	0.0	37.0				
Bruksenheter								
Adresse	Bruksenhetsnummer	Bruksenhetstype	Bruksareal	Ant. rom	Kjøkkentilgang	Bad	WC	Matrikkelenhet
48/112-2	H0101	Bolig	77	2	Kjøkken	1	1	48/112
Kontaktpersoner								
Rolle	Føds.dato/org.nr	Navn	Bruksenhet	Adresse				
Tiltakshaver		MOLDE BOLIGBYGGELAG						

Midsund kommune må til kvar tid vurdere kor mange bustadar ein skal ha til utleie til tilsette, personar med særskilt behov, evt. andre som ønskjer kommunal bustad.

Midsund kommune har generelt sett hatt høg utleieprosent på kommunale bustadar. Vi ser no ein liten nedgang frå tilsette som ønskjer kommunal bustad. Lyngja 3 i Lyngja Borettslag blei ledig i desember.

Lyngja 3 er ei leiligheit (nr. 3 frå ASK) i Lyngja Borettslag tilhøyrande MOBO i Molde.

Etter den tid har vi tatt opp med andre einingsleiarar om det er nokon no som treng bustad.
Det er ikkje større behov enn ein taklar dette pt. utan Lyngja 3.
Pt. har vi ein bustad ledig med ein mulig søkjar.
Det er bygd mange leilegheiter i det siste slik at det er lettare å skaffe seg sjølv bustad.

Vurdering:

Rådmannen rår til at denne bustaden blir lagt ut for sal.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Alt etter kjøpesum

Ketil Ugelvik
Rådmann


Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Teikningar


Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Teknisk


Teikningar.



UNDER-ETASJE



HØVED-ETASJE



C	10/11/12/13/14/15/16/17/18/19/20/21/22/23/24/25/26/27/28/29/30/31/32/33/34/35/36/37/38/39/40/41/42/43/44/45/46/47/48/49/50/51/52/53/54/55/56/57/58/59/60/61/62/63/64/65/66/67/68/69/70/71/72/73/74/75/76/77/78/79/80/81/82/83/84/85/86/87/88/89/90/91/92/93/94/95/96/97/98/99/100	10/11/12/13/14/15/16/17/18/19/20/21/22/23/24/25/26/27/28/29/30/31/32/33/34/35/36/37/38/39/40/41/42/43/44/45/46/47/48/49/50/51/52/53/54/55/56/57/58/59/60/61/62/63/64/65/66/67/68/69/70/71/72/73/74/75/76/77/78/79/80/81/82/83/84/85/86/87/88/89/90/91/92/93/94/95/96/97/98/99/100
B	10/11/12/13/14/15/16/17/18/19/20/21/22/23/24/25/26/27/28/29/30/31/32/33/34/35/36/37/38/39/40/41/42/43/44/45/46/47/48/49/50/51/52/53/54/55/56/57/58/59/60/61/62/63/64/65/66/67/68/69/70/71/72/73/74/75/76/77/78/79/80/81/82/83/84/85/86/87/88/89/90/91/92/93/94/95/96/97/98/99/100	10/11/12/13/14/15/16/17/18/19/20/21/22/23/24/25/26/27/28/29/30/31/32/33/34/35/36/37/38/39/40/41/42/43/44/45/46/47/48/49/50/51/52/53/54/55/56/57/58/59/60/61/62/63/64/65/66/67/68/69/70/71/72/73/74/75/76/77/78/79/80/81/82/83/84/85/86/87/88/89/90/91/92/93/94/95/96/97/98/99/100
A	10/11/12/13/14/15/16/17/18/19/20/21/22/23/24/25/26/27/28/29/30/31/32/33/34/35/36/37/38/39/40/41/42/43/44/45/46/47/48/49/50/51/52/53/54/55/56/57/58/59/60/61/62/63/64/65/66/67/68/69/70/71/72/73/74/75/76/77/78/79/80/81/82/83/84/85/86/87/88/89/90/91/92/93/94/95/96/97/98/99/100	10/11/12/13/14/15/16/17/18/19/20/21/22/23/24/25/26/27/28/29/30/31/32/33/34/35/36/37/38/39/40/41/42/43/44/45/46/47/48/49/50/51/52/53/54/55/56/57/58/59/60/61/62/63/64/65/66/67/68/69/70/71/72/73/74/75/76/77/78/79/80/81/82/83/84/85/86/87/88/89/90/91/92/93/94/95/96/97/98/99/100



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2012/474-1
Arkiv: 033
Saksbeh: Ann Torill Vaksvik
Dato: 26.02.2013

Saksframlegg

Suppleringsval for Zakia Mustafa som har flytta frå kommunen

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/12	Formannskapet	11.03.2013
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Som nytt varamedlem til Eldrerådet blir valt:

Saksutgreiing:

I e-post av 26.02.2013 søker Zakia Mustafa fritak frå vervet som varamedlem i Midsund Eldreråd, då ho har flytta frå Midsund kommune.

Zakia Mustafa har følgjande politiske verv:
Varamedlem i Eldrerådet

For perioden 2011 – 2015 har Eldrerådet slik samansetning:

Frå pensjonistlaget:

Medlemar:	Varamedlemar:
Anne Kari Heggdalsvik	Johan Blø
Eldbjørg Orvik	Harald Stormyr
Ivar Havnen	Annhild Ugelvik

Politisk valte:

Svein Misund
Gunnlaug Tangen

Zakia Mustafa
Øystein Rimereit

Vurdering:

Kommunelova § 15 nr. 1 handlar blant anna om registrert utflytting frå kommunen der hovudregelen er at ein på den bakgrunn trer endeleg ut av dei verv som blir omfatta av § 14 om å vere valbar.

Zakia Mustafa fyller krava til fritak frå politiske verv.

Det er kommunestyret som vel nytt varamedlem til Eldrerådet.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ketil Ugelvik
rådmann

Ann Torill Vaksvik
sekretær

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Zakia Mustafa
Valt varamedlem



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2012/455-3
Arkiv: 011
Saksbeh: Ann Torill Vaksvik
Dato: 13.02.2013

Saksframlegg

Stortingsval og sametingsval 2013 - Oppnemning av valstyre og val av leiar og nestleiar

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/13	Formannskapet	11.03.2013
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre oppnemner følgjande medlemmer til valstyret:

Leiar:

Nestleiar:

Medlemmar:

Midsund kommunestyre delegerer til valstyret å oppnemne medlemmer til røystestyra, jfr. vallova § 4-2.

Saksutgreiing:

Vallova § 4-1 slår fast at det i kvar kommune skal vere eit valstyre som blir valt av kommunestyret. Formannskapet er ikkje lenger lovbestemt valstyre i kommunen. Krava til kjønnsmessig representasjon etter kommunelova §§ 36-38 må oppfyllest.

Kommunestyret skal velje leiar og nestleiar for valstyret, jfr. kommunelova § 10 nr. 3.

I kap. 3.1.2 i valhandboka står det at kommunestyret kan velje medlemmer, leiar og nestleiar til røystestyra, men at dette kan delegerast til valstyret, jfr. vallova § 4-2.

Vurdering:

Tidlegare har formannskapet vore valstyre, med ordførar og varaordførar som leiar og nestleiar. Rådmannen rår til at kommunestyret delegerer til valstyret å oppnemne medlemmer til røystestyra.

Ketil Ugelvik
rådmann

Ann Torill Vaksvik
sekretær

Vedlegg (prenta):**Vedlegg (uprenta):****Særutskrift går til:** Medlemmene i valstyret



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2013/79-2
Arkiv: 026
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 20.02.2013

Saksframlegg

Godkjenning av selskapsavtale for IKA Møre og Romsdal IKS

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/14	Formannskapet	11.03.2013
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre godkjenner justert/ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS.

Saksutgreiing:

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS er eit interkommunalt selskap eigd av alle kommunane og fylkeskommunen i Møre og Romsdal.

Representantskapet gjorde i 2012 samrøystes vedtak om å endre selskapsavtalen. Dette må godkjennast av alle eigarane gjennom vedtak i kvar eigarkommune.

Det er gjort endringar i to paragrafar; § 5 og § 17.

§ 5. Innskotsplikt og eigardel. Dette omhandlar kor stor del av selskapet som kvar kommune og fylkeskommune eig og som dei har økonomisk ansvar for. Denne paragrafen skal endrast kvart fjerde år i høve til endring i folketal. Denne paragrafen har og innverknad på § 6: Ansvarsfordeling og § 8, fjerde ledd Røysterett i representantskapet.

§ 17 andre ledd: Låneopptak og garantitilsegn.

Representantskapet vedtok å auke ramma for selskapet sitt låneopptak frå 1.mill kroner til 2 mill. kroner. Dette i samband med utviding av depoet med om lag 6.500 hyllemeter som skal lånefinansierast. Kvar eigar står ansvarleg for sin pro rata del av gjelda til selskapet. Alle låneopptak må godkjennast av Kommunal- og regionaldepartementet.

Vurdering:

Endringar av selskapsavtalen må godkjennast av kvar kommune. Auken i låneopptaket og endring i eigardel som følgje av endring i folketalet, vil for Midsund kommune med ein ny eigardel på 1,218 %, utgjere eit ansvar for kr 24.320 av eit lån på kr 2.000.000

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Endringane medfører små økonomiske konsekvensar for Midsund kommune, jf saksutgreiinga.

Ketil Ugelvik
rådmann

Vedlegg (prenta):

Selskapsavtalen for Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
Skriv om godkjenning av endring i selskapsavtalen

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS